

DEILDEGASTEN

I sørenden av Langevatn, mellom Svanes og Stapnes på den eine sida og Åse og Grastveit på den øvre sida (i Egersund prestegjeld), står skiftingssteinane mellom Svanes og Grastveit.

I regn og skoddevêr kan ein høyra ein mann bera skiftingssteinane opp over bakken, men kvar gong rullar steinane ned igjen. Då seier mannen: «Når skal dommedagen vera? Skif-

tingssteinen er tung å bera.»

Det er fordi mannen, mens han levde, hadde flytta merkesteinane.

Stad: Egersund
Samlar: Moltke Moe

JORDMOR HOS DEI UNDERJORDISKE

Det var ein gong, i Sokndal ein plass, ei kone som var ute i fjoset og stelte. Ho hadde eit lite barn med seg. Ho la barnet frå seg ei lita stund, mens ho stelte med eitt eller anna. Men då ho ville ta barnet igjen, var det vekke. Det hjelpte ikkje kor mykje ho leitte; barnet var og blei vekke.

Mange år etterpå kom det ein kveld ein mann til henne og spurde henne om ho ikkje ville hjelpa dottera si, som hadde fødselsrier. Ho visste ikkje om at ho hadde noka dotter, svarte kona. Ho hadde hatt ein gong, men ho var komen vekk frå henne som ganske lita. Ja, det var akkurat ho, svarte mannen. Ho

hadde blitt tatt av dei underjordiske, og nå var ho kjerringa hans. Då kona hørde det, greidde ho ikkje å halda seg. Ho følgde mannen.

Dei hadde ikkje gått mange skritt før dei kom inn i ei prektig stove. Der låg det eit ungt kvinnfolk og bar seg. Kona hjelpte henne, slik at ho blei forloyst. Så fekk kona ein salve, som ho skulle smørja barnet med. Men ho måtte vakta seg for å få noko av salven på seg sjølv, sa huldremannen. Men mens ho smurde barnet, fekk ho slik kløe i det eine auget at ho måtte ta på det med handa. Då fekk ho litt av salven på auget. Då ho hadde vaska og stelt med barnet, følgde

huldremannen henne ut igjen og gav henne gode gåver for bryet.

Etter ei tid var ho ute i marka. Der treffe ho huldremannen, som var gift med dottera hennar. «God dag», sa ho. Då stansa han og bare glodde på henne. «God dag», sa han endeleg. «Men kan du sjå meg?» «Ja, visst kan eg sjå», svarte kona. «Kva for eit auge ser du meg med?» spurde han. Så heldt ho først føre det eine auge og så føre det andre. «Det er med høgre auget», sa ho. Men frå den dagen av var ho på blind på det høgre auget.

Stad: Sokndal
Samlar: Harald Bahr

BRUREKRONA

På ein gard i Sokndal var det ei jente som var budeie. Ho hadde ein kjærast, som var soldat. Men så var det og ein huldregut som var forelska i henne. Ein gong, mens ho var oppe på sætra, ville friaren hennar opp og sjå til henne. Men då var dei underjordiske komne. Dei hadde pynta henne til brud og sett ei sølvkrone på henne. Ho skulle gifta seg med

huldreguten.

Då soldaten kom ridande, sa ho: «Nå høyrer eg den svarte hesten til friaren min». Og då han kom inn, skaut han over dei. Så måtte dei vekk. Dei tok med seg alt sitt, men sølvkrone fekk dei ikkje tid til å ta med. Dei sa at jenta skulle kasta krona etter dei sidan. Men det hadde verken ho eller friaren lyst til. Dei

beheldt krona, men dei hadde ikkje så stor lykke med henne. For ei tid etter at dei blei gifte, så brann garden - og sølvkrone. Dette er nok sant, for gamle Bernt, som fortalde det, påstod at det var mora hans som sjølv hadde bore sølvkrone.

Stad: Sokndal
Samlar: P. Chr. Asbjørnsen

NISSESLAGSMÅL

I Lund sokn var det ein nisse omtrent på kvar gard i gamle dagar. Dei drog til gards både korn og høy, og stal ved frå kvarandre og. På Haukland og Skår hadde dei kvar sin, og desse

to møttest ein gong på ein haug mellom gardane. Der rauk dei saman og slost så fillene fauk (...). Kven som vann, veit eg ikkje, men på heimvegen møtte Skårnissan den mannen

han heldt til hos, og spurde han, nok så fornøgd: Hørde du kor me slost?

Stad: Lund
Samlar: Harald Bahr



Interaktivt kart med segn frå heile landet

Segner frå heile Noreg er plotta inn på eit interaktivt kart.

MERETE HORPESTAD
merete@dalane-tidende.no ■ 4000 8534

Norsk folkeminnesamling er namnet på eit tradisjonsarkiv som Universitetet i Oslo eig. Arkivet blei oppretta i 1914 og inneheld ei rekkje gamle segner og eventyr.

Mykje av innhaldet i arkivet er digitalisert og søkbart. For å gjera materialet endå meir tilgjengeleg, har Universitetet i Oslo lansert eit interaktivt segnkart. Segnene er plotta inn der dei er henta frå.

- Det er eit spennande materiale. Me hadde lyst at fleire skulle oppdaga det, seier Line Esborg. Ho er førsteamanuensis i kulturhistorie ved Universitetet i Oslo.

Segnkartet er ikkje komplett, men vil bli utvida om universitetet får midlar til å halda fram med arbeidet.

Kartet omfattar til nå 6.000 norske og svenske segner, og det er bare ein liten del av materialet som finst. Ambisjonen er å etter kvart laga eit felles, nordisk kart.

Respsen frå publikum har vore stor.

- Ja, over all forventning, seier Esborg.

Mange har takka for at dei gamle historiene er tatt vare på. Nokon av innspela går på at UiO har bomma på geografen.

Line Esborg oppfordrar folk som finn feil på kartet, til å melda frå.